

A wooden sign with the text "ROGALAND ARBORET" is mounted on three vertical wooden posts. The sign is made of a single piece of wood with a slightly weathered appearance. The background consists of a dense forest of tall, dark green coniferous trees under a clear blue sky. In the foreground, there are several smaller, younger coniferous trees and ferns growing in a mulched area.

ROGALAND ARBORET

Årsmelding for 2010



Rhododendron 'Oktavia'.

Stiftelsane Rogaland Arboret og Bjørn A. Stangebyes minnefond til beste for Rogaland Arboret

Årsmelding for 2010

STYRET

Etter Representantskapsmøtet 26.04.2010 har sammansetningen vore slik:

	på val	Vararepresentantar:	på val
Ragnvald Albretsen, formann	2012*)	Nina-Elisabeth Molven (1)	2013
Ivar Sørensen, nestformann	2013	Evald S. Traa (2)	2013
Aase Lærdal	2012	Anne Marie Joa (3)	2013
Martha Lea	2013		
Reidunn Oline Skadsem	2013		
Olav Folkvord	2013		
Ole Harald Myklebust	2013		
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar		

*) Formannen er på val kvart år.

Faglig utvalg

Per Harald Salvesen	01.07.2012
Ole Lima	01.07.2013
Inge Christ	01.07.2012
Finn Ervik*)	Fast medlem som vitenskapeleg medarbeidar
John Ivar Lima	Fast medlem som driftsleiar

*) Vår nye vitenskapelege medarbeidar, Anne-Cathrine Scheen, overtok plassen etter Ervik i september.

ANDRE STYRINGS- OG ARBEIDSORGAN

Representantskapet

20 medlemmar med personlege varamedlemmar.

Ordførar i Representantskapet	Kåre Hauge, årleg ordførarval
Rekneskapskontor	Teamregnskap AS
Revisor	PricewaterhouseCoopers DA
Valkomitè – årleg val	Steinar Borgen, leiar
	Kjerstin Ropeid
	Arne Øvstebø

Arbeidsgrupper

Budsjettgruppa: Ragnvald Albretsen, Ivar Sørensen og John Ivar Lima
Prosjektgruppa for nybygg: Aase Lærdal, Ragnvald Albretsen, Olav Folkvord, Ole Harald Myklebust, Jøran Oseland.

Møte

Representantskapet	1 ordinært møte
Styret	5 ordinære møte
Faglig utvalg	4 ordinære møte
Prosjektgruppa for nybygg	1 ordinært møte og 1 befaring

Representantskapsmøtet 26.04.2010

17 av 20 representantar møtte, og møtet var dermed vedtaksført. Frå Styret møtte Ragnvald Albretsen, Aase Lærdal, Martha Lea, Reidunn Oline Skadsem og Olav Folkvord. Frå staben møtte Jøran Oseland. Møtet blei leia av ordførar i Representantskapet, Kåre Hauge.

Konstituering

Som referent blei vald Martha Lea. Ellen Tjørnholm Bøe og Aastein Aase blei valde som medunderskrivarar av protokollen.

Årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding blei samrøystes godkjende utan merknadar.

Val

Alle val var i samsvar med valkomitéen sitt forslag.

Ragnvald Albretsen blei samrøystes attvald som **formann** i 1 år ved akklamasjon. Ivar Sørensen, Martha Lea, Reidunn Oline Skadsem, Olav Folkvord, Ole Harald Myklebust blei samrøystes attvalde i **styret** ved akklamasjon.

Som **vararepresentantar** blei Nina-Elisabeth Molven (1) attvald ved akklamasjon. Evald S. Traa (2) og Anne Marie Joa (3) blei valt som nye medlemmar.

Revisor. PricewaterhouseCoopers DA blei samrøystes attvald.

Ordførar i Representantskapet. Kåre Hauge blei samrøystes attvald ved akklamasjon.

Valkomité – 1 år

Steinar Borgen, Kjerstin Ropeid og Arne Øvstebø blei samrøystes attvalde ved akklamasjon.

Budsjett og arbeidsplan for 2010 blei lagt fram til orientering.

Eventuelt

Enkeltspørsmål og kommentarar frå representantane blei svart på etter kvart i møtet.

Møtet blei avrunda med eit enkelt måltid.

ARBORETPRISEN

Arboretprisen blir delt ut til personar, institusjonar og bedrifter som i særleg grad har gjort Arboretet tenester. Prisen får sitt synlege uttrykk i ein liten bronsemodell av inngangsportalen.

Følgjande har til no motteke prisen:

1990	Sandnes Sparebank	1997	Esso Norge
"	Johan Eik	"	Kverneland Underhaug
"	Sjur Svaboe	"	Stavanger tekniske fagskole
1991	Torstein Braut	1998	SpareBank 1 SR-Bank
"	Arne F. Bryne	1999	Sven Åsland
"	Ingebret Folkvord	"	Lions Club Sandnes
"	Tormod Hagen	"	Lions Club Sandnes Ganddal
"	Alf Klingsheim	"	Lions Club Sandnes Høyland
"	Torleiv Todnem	"	Lions Club Sandnes Riska
"	David Vatne	"	Lions Club Gjesdal
1992	Einar Bjørn-Hansen	2000	Osmund Nygaard Hove
"	Jon Gjedebo	2001	Leif Refsnes
"	Jonas Nygaard	2003	Egil Skadberg
"	Anton Thomsen	2005	Statskog
1993	Lyse Kraft	2006	Sigurd Aarsland
1994	Conoco Norway	"	Sven Halsne
"	J.J. og Lars Øglænds fond	2007	Bjørn A. Stangebye (forgylt spesialutgåve)
1995	Einar Søndeland		
"	Alf Hansen		Arboretprisen blei ikkje utdelt i 2008, 2009 og 2010.

MAGNOLIAPRISEN

Denne nye utmerkinga har form av ein diplom, utforma av Herborg Kverneland.

Magnoliaprisen blir delt ut til personar som i særleg grad har styrka Rogaland Arboret sitt arbeid med å synleggjere naturmangfaldet, og bidrege til auka kunnskap om og interesse for naturmiljøet.

2009 Tore Randulff Nielsen

Magnoliaprisen blei ikkje utdelt i 2010.

TILSETTE

John Ivar Lima, driftsleiar. Tilsett 09.02.1987.

Anne Lise Tyssebotn Gjesdal, kontormedarbeidar, 40 % stilling. Tilsett 01.04.1988.

Olaug Marie Høie, kontormedarbeidar. Tilsett 26.03.2001.

Endre Hodnefjell, hjelpearbeidar, 58 % stilling. Tilsett 21.10.1985.

Jøran Oseland, teknisk ansvarleg. Tilsett 01.04.1992.

Lee Johnsgaard Hinley, fagarbeidar. Tilsett 01.04.2008.

Gjesdal blei sjukmeldt f.o.m. 9.november og var framleis det ved årsslutt. Hinley hadde permisjon i ein periode på 3 veker tidleg på året. Hinley var sjukmeldt frå 9. – 13. august. Oseland var sjukmeldt i perioden 16. september – 3.oktober. Lima var sjukmeldt frå 23. april – 12. mai.

I tillegg til denne arbeidsstokken disponerer vi 40 % av ein forskarstilling. Finn Ervik har vore tilsett i stillinga som vitenskapeleg medarbeidar frå 01.09.2004. I samband med overgang til ny jobb, fekk Ervik innvilga permisjon i 1 år. Han var i stillinga fram til 31. mai. Til å fylla hans stilling og funksjon, blei det f.o.m. 01.09. tilsett Anne-Cathrine Scheen som vikar. Det er Arkeologisk museum - UiS som administrerer denne stillinga, i samarbeid med Stavanger kommune og Rogaland Arboret.

EKSTRAHJELP

Åshild Birkeland, skuleelev/student, vaskehjelp.

Ingeborg Oseland, skuleelev, vaskehjelp.

Anne Lise Garvik, skuleelev, sommarhjelp i 1 veke.

Janne Lima, skuleelev, sommarhjelp i 2 veker.

Sigmund Oseland, student, sommarhjelp i 11 veker og 1 dag.

Øyvind Steira, student, sommarhjelp i 6 veker.

Oddbjørn Oseland, student, sommarhjelp i 4 dagar.

Joakim Steira, student, sommarhjelp i 1 veke.

Johannes Oseland, skuleelev, sommarhjelp i 2 veker.

Styret bevilga midler til eit ½ årsverk for at vi skulle kunne få leiga inn ekstrahjelp i den mest hektiske sesongen. Gjennom vår kontakt med Olav Folkvord, kunne vi engasjere Darek Gol på fulltid i perioden 03.05. – 29.10.

DUGNAD OG ARBEIDSHJELP

Heilt sidan 1985 har vi hatt eit godt og nyttig samarbeid med elevar og lærarar frå **Gand videregående skole**. Lærar Helge Mattingsdal har heile denne tida hatt ansvaret for ei gruppe elevar som har hatt arbeidstrening kvar veke her. Dei seinare åra har han hatt med seg ein kollega, for tida Marie Louise Schultz Lea. F.o.m. hausten 2009 har gruppa blitt delt, slik at dei er her og hjelper oss 2 gonger i veka.

P.g.a. all snøen som blei liggjande så lenge tidleg på året, måtte dei ta ein lengre pause frå dette opplegget.

Ettersom dei kjenner området og utstyret vi har, er dei på mange måtar sjølvgåande. Vi legg litt til rette med klargjering av utsyr og innhald, men elles så klarer dei seg utmerkt.

I dette opplegget får elevane øving i **diverse praktisk utearbeid**, samstundes som vi får utført oppgåver som er til glede for mange av våre besøkande. Arbeidsoppgåvene deira har m.a. vore å leggje ut flis på stiar og vegar, kappe og køyre ut ved, klargjere hotellsåpene til vern mot rådyr og lettare preparering av vegar og P-plassar. I tillegg har dei hjelpt oss med å lage 15 nye kassar til Fugleprosjektet.

Også dette året fekk vi dugnadshjelp frå **Sandnes Rotary Klubb**. 11. mai hjelpte dei oss med å dra fram ris og greiner i det nye området vårt som er rydda på Myklabust.

Marit Albretsen og **Jørgen Tengs-Pedersen** har i ei årrekke hjelpt oss ivrig og engasjert med effektiv gratisinnsats under juletsesongen.

Lions-klubbane i området har hatt ansvaret for kafeteriadrifta vår heilt sidan 1990. Idealisme, mykje velvilje og frivillig innsats har gitt både viktige og årvisse inntekter til Arboretet. Dette samarbeidet har i alle desse åra vore verdifullt for Arboretet. Ein slik serveringsstad blir også eit naturleg samlingspunkt og treffplass for mange besøkande. Mange av våre gjester gjer det til eit fast innslag med eit besøk i kafeteriaen på søndagsturen.

I september fekk vi hjelp i oppstammingsarbeidet eit par dagar av 2 tyske studentar, Ruven Gierholz og Christoph Marby, som var på eit utvekslingsopphald på Øksnevad vgs.

ARBORETVENNENE – AKTIVE VENNER

Ei «aktiv venneforening til beste for Rogaland Arboret» blei etablert i 2007. Aktiviteten dette året har vore liten, mest pga. at sentrale personar har flytta frå distriktet. Vi håper med tida at andre interesserte kan føre stafettpinne vidare.

FAGKONTAKT OG FORSKINGSSAMARBEID

Det er **Statskog** som eig grunnen som Arboretet disponerer. Før Arboretet blei etablert, var det allereie planta ein god del skog her. Etterkvart som vi har hatt bruk for å frigjere / rydde nye planteareal, har vi alltid møtt stor velvilje ang. våre ynskje og behov. F.o.m. 2010 blei festeavgifta vi betalar til Statskog, betydeleg oppjustert.

I 2009 starta vi prosessen og samarbeidet med Statskog for å kunne sikre oss meir areal for framtida. Det aktuelle området vi forhandla om, er lokalisert til Myklabust, ved Melsheia, og grenser direkte til det eksisterande Arboretområdet i nordvest. Dette trekantforma området grenser til den inste P-plassen til Melshei-området, og omfatter 113 dekar. Overdraginga blei endeleg formelt avklart og tinglyst i januar 2010. Dette betyr at **Rogaland Arboret** i dag omfatter eit totalareal på ca **700 dekar**.

For å sikre kontinuitet i engasjementet av ein **delt forskarstilling**, etablerte **Rogaland Arboret** og **Stavanger botaniske hage** (Stavanger kommune) i 2008 eit samarbeid med **Arkeologisk museum** - Universitetet i Stavanger.

Eit slikt samarbeid har vi fordel av på fleire måtar. I dette samarbeidet deler vi m.a. på kostnadane for driftinga av **hagedatabasen IRIS**. Databasen er stasjonert på Stavanger kommune sin dataserer, og via ekstern pålogging har vi tilgang til basen. Dessverre har vi ikkje fått uttytta dette p.g.a. at teleoperatørane ikkje har vore i stand til å tilby Arboretet tilstrekkeleg breibandskapasitet. Via dette samarbeidet oppnår vi også fordelene ved at det blir utarbeida ei **felles frøliste**, «Index Seminum», som blir lagt ut på vår heimeside. Mesteparten av administrasjon, frøpakking og utsending går føre seg i Stavanger botaniske hage, eit arbeid som er til avlasting for oss.

Dette året blei frøhausten heller mager, med berre 10 artar på lista, fordelt på lønn (*Acer*), mispel (*Cotoneaster*) og rogn / asal (*Sorbus*).

Rapport frå vår vitenskapeleg medarbeidar, Finn Ervik, avløyst av Anne-Cathrine Scheen:

På seminaret 6.april holdt Ervik et lengre foredrag om arboretet for ca 70 lærere. Øvrig informasjonsarbeid til Ervik har omfattet oppgradering av hjemmesiden.

Som i 2009 har Ervik også i 2010 prioritert arbeid med IRIS databasen. Det er nå registrert over 1500 aksesjoner. I denne forbindelse går det også mye tid til navnedatabasen i IRIS, som mangler flesteparten av navnene til plantene som registreres. Nye navn må sjekkes i botanisk- og hagefaglig litteratur og databaser. Ettersom arboretet har manglet nødvendig bredbåndskapasitet til arbeid med databasen, har dette arbeidet blitt utført fra kontoret i Stavanger botaniske hage. Selve applikasjonen IRIS gjennomgår stadig utvikling, og nye og forbedrede versjoner er installert. Arboretet har fortsatt et stort etterslep når det gjelder registrering av plantematerialet.

Det ble avholdt et kort innføringskurs i bruk av IRIS databasen for Tyssebotn Gjesdal og Lima. Ervik skrev søknad til Genressussenteret om finansiering av Lindeprosjektet i 2010 pga. de store uforutsette utgiftene. Dessverre ble det ikke tilslag på denne søknaden. Materialet ble likevel ikke flyttet i løpet av høsten ettersom forberedelsene av utplantingsfeltet ble langt mer omfattende og tidkrevende enn forventet. Den tidlige og harde vinteren har gjort at flyttearbeidet må utsettes til våren. Undertegnede har merket plantene i feltet med holdbare etiketter som skal sikre at ingen informasjon går tapt under flyttingen.

Ervik skrev også søknad til Fylkeskommunen om finansiering av nye dobbeltsidige informasjonstavler. Søknaden ble innvilget med kr 114.000,-. Tavlene ble bestilt utpå høsten.

Anne-Cathrine Scheen har vikariert for Finn Ervik i stillingen som vitenskapelig medarbeider siden 1.september 2010.

Mye av tiden er gått med til å lage plakater til de nye informasjonstavlene, slik at disse er klare når tavlene etter hvert blir utplassert i Arboretet fra våren 2011.

Scheen har jobbet ut i fra en målsetning om at informasjonen skal være relevant for arboretets virksomhet og interessant for et bredt publikum.

Målet er å vekke de besøkendes nysjerrighet til plantene og til arboretet, slik at de får lyst til å komme tilbake flere ganger. Det er ønskelig at informasjonen er dynamisk, slik at man som publikum kan lære noe nytt når man besøker arboretet gjentatte ganger.

Det bør fremgå av informasjonstavlene hva som er spesielt aktuelt gjennom blomstrings-sesongen, slik at man som besøkende kan få sjansen til å nyte de botaniske godbitene når de er på sitt beste.

Scheen har videreført arbeidet med å oppdatere databasen IRIS, basert på tidligere års utplantingslister. Dette arbeidet ble utført fra kontoret i Stavanger botaniske hage p.g.a. manglende bredbåndskapasitet i Rogaland Arboret.

Ved utgangen av 2010 er utplantinger fra 1996 og frem til 2009 ført inn i IRIS. Det gjenstår et stort arbeid med å oppdatere IRIS fra de tidligste årene av arboretets utplantingslister. Dette arbeidet bør få høy prioritet i de neste par årene.

UNDERVISNING OG INFORMASJON

6.april blei det arrangert eit gratis seminar i Aktivitetshuset spesielt berekna på lærarar. Det møtte ca 70 personar. Universitetslektor Inge Christ (Universitetet i Stavanger), føreleste engasjert om aktivt bruk av naturen i undervisninga innanfor fleire fag, ikkje berre naturfag. Samstundes fekk han bevisstgjere dei frammøtte ved å peike på det potensiale som finst i Arboretet.

Inge Christ tok dette året på seg ansvaret med å stå på stand med informasjon om Arboretet på Skolemøtet i november.

5.klassetrinnet ved Motland skule var på besøk 27.05. og lånte undervisningsmateriell hos oss i samband med sitt opplegg til uteundervisninga.

Informasjonsprosjektet

Styret har initiert og lagt opp til eit 5-årig program (2006 – 2010), der informasjonsarbeid og kunnskapsformidling skal vere viktigaste satsingsområde. I eit slikt opplegg ligg det store utfordringar, og det vil vere eit betydeleg løft som vil kreve mykje av både tid og ressursar. Prosjektet blir finansiert ved bidrag frå 5 av våre støttespelarar. Vi håper å kunne få på plass ein vidareføring av avtalen for ein ny periode. Sjå under «Støtte til Arboretet».

Med desse prosjektmidla i ryggen, og med tilsagn om støtte frå Fylkeskommunen, kunne vi bestille inn 8 stk. dobbeltsidige informasjonstavler. Målet er å få starte med utplasseringa av desse i løpet av våren 2011.

NYBYGG

I mange år har vi hatt plassmangel, både når det gjeld kontor, bibliotek, arkiv, utstillings-, informasjons- og undervisningslokale. Dei stadig strammare økonomiske rammene har hindra oss i å kunne imøtekomme desse behova. Med dette som bakgrunn prøvde Styret å finne løysingar som kunne sikre Arboretet betre inntektsgrunnlag på lang sikt. Alt i 2008 kom tanken om eit kombinert bygg for konferanse, administrasjon, undervisning og informasjon. Konsulent blei involvert, og fleire arkitektforslag blei utarbeidde som grunnlag for planarbeidet vidare. Styret valde forslaget til Brandsberg-Dahls Arkitekter.

Det blei i 2009 sett saman ei prosjektgruppe med ansvar for framdrifta vidare. P.g.a. behandlinga på ulike trinn i byggesaka ved offentlege instansar, inkl. fortløpande involvering av nemnde arkitektfirma, har det kun vore eit møte og ei befaring i samband med prosjektet.

GENERELT PLANTEARBEID

Innleiinga til året blei spesiell med ein 3 månadar samanhengande kald og **snøråk vinter**. Når så avslutninga av året også blei uventa kald, med téle alt frå november, blei 2010 eit spesielt år. All snøen som kom i løpet av kort tid i desember året før, førte til store og omfattande snøbrekkskadar. Det har gått med mykje tid utover året til reinskjering, nedkapping og **opprensking av skadde tre og greiner**. Det har gått spesielt hardt ut over villfuruva, men også andre planter har fått meir og mindre varige mein etter all snøtyngda. Pga. mange andre tren- gande gjeremål, står det framleis **mykje arbeid** att å utføre før vi er i mål med utbringane etter desse snøskadane.

Den langvarige og kalde føreårsvinteren, førte også til at vi mista ein god del plantemateriale som **fraus ut** under oppal i veksthuset. Etersom dette ikkje effektivt klarer å halde temperaturen oppe i ein så lang og hard kuldeperiode, bukka mange planteslag under. Planter som står i pottar er ekstra utsette under slike forhold, ved at rotklumpen lett blir gjennomfrosen over skadeleg lang tid.

Effekten av den djupe téla som vi hadde i siste del av året, kan også ha gjort sin verknad for eit utval av mindre frosttolerante planter ute på friland. Effekten av slike skader ser ein ofte ikkje fullstendig før utpå vårparten.

Oppgåvene står i kø, men vi er også **begrensa av tilgang** til nok traktorar, maskinar og utstyr som skal fordelast etter aktuelle oppgåver og mannskap til eikvar tid. I visse periodar, særleg på våren og sommaren, merkar vi godt behovet vi har for fleire tilgjengelege maskin- elle driftsmidler for å kunne utføre arbeidet rasjonelt og effektivt.

Vi har mange og store oppgåver som **står på vent** innanfor mange felt, og tidvis kan det vere ei utfordring å avgjere kvar og korleis innsatsen skal prioriterast og fordelast. Etersom vi måtte grave mange plantehól i skrånande terreng og tilføre mykje ny plantejord manuelt. Her var også mykje stein som måtte fjernast. I tillegg prioriterte vi å få lagt ut eit godt lag med flis rundt alle nyplantingane. Vi har i fleire år forsøkt å få skaffe oss eit knippe spesielt utvalde kultivarar/sortar som tidlegare var lagt inn som ein del av planen for plenområdet. Seint på året fekk vi melding om at ein god del av desse skulle kunne skaffast det komande året via Olav Folkvord.

Utpå sesongen gjekk vi i gang med å opparbeide ytterkantane av **Magnoliahagen** for å frigjere plass til alle 58 gáveplantene frå Stangebye. Dette prosjektet krevde ein del innsats, etersom vi måtte grave mange plantehól i skrånande terreng og tilføre mykje ny plantejord manuelt. Her var også mykje stein som måtte fjernast. I tillegg prioriterte vi å få lagt ut eit godt lag med flis rundt alle nyplantingane.

Vi har i fleire år forsøkt å få skaffe oss eit knippe spesielt utvalde kultivarar/sortar som tidlegare var lagt inn som ein del av planen for plenområdet. Seint på året fekk vi melding om at ein god del av desse skulle kunne skaffast det komande året via Olav Folkvord.

Fortløpande tilsyns- og vedlikehaldsarbeid i plantingane kan fort bli litt skadelidande når vi heile tida må slost med tidsfaktoren og fortløpande prioriteringar. Dei mest trengande oppgåvene med **rådyrvern, gjødsling, greinkutting- og beskskjæringsarbeid** er blitt prioriterte. Anna forefallande vedlikehaldsarbeid i plantingane er utført ved dei mest trengande behov etter årstida. Som året før, blei vi overrumpla av den **tidlege vintaren** som raskt festa grepet, alt i november. Med lite snø førte den strenge kulda raskt til djup téle som varte styggeleg lenge. Spesielt bambusen har fått lida hardt av all kulda kombinert med tidvis sterk og uttørkande vind.

Etter kvart som samlinga blir meir omfattande, går ein stadig større del av tida vår med til reint vedlikehald, både i sjølve plantesamlinga og i anlegget elles.

Vi har over tid observert aukande grad av **lekkasje** rundt overløpa til dei fleste av dammane våre. Dette problemet kan raskt og brutalt eskalere, og skape store problem og betydeleg med ekstraarbeid for oss. Spenningsmomentet er såleis stort under flaumperiodar og etter lengre periodar med barfrost.

Det blir gjennomført handspreidd **gjødsling** av plantene éin gong om året. Også denne sesongen blei det fordelt ut ca 3.000 kg beinmjølbasert gjødsling av typen Marihøne+ (8-4-5).

Problema med greinknekk og nedtramping av småbuskar i Magnoliahagen blei tydeleg redusert denne sesongen, etter at plantene på plenflaten her blei gjerda inne i 2009.

Rådyra er alltid ei utfordring for oss. Feiinga kan starte ganske tidleg på sesongen, gjerne alt i april. Skadane oppstår når bukkane gnir horna sine mot småstammar og greiner. Slik markerar bukkane sitt territorium. Denne type skade skjer også når dyra forsøker å kvitte seg med overhuda på dei nye horna som veks ut kvart år. For å begrense desse skadane, brukar vi framleis **små hotellsåper** som vi får pakka inn i plast. Desse parfymerte såpene forstyrrar duftsignala hos dyra. Denne metoden har vi gjort oss nytte av heilt sidan 1992, og med god effekt. Vi har unntaksvis opplevd **feieskader** på plantene sjølv med påhengende såper, som nok har skuldast eldre og altfor godt tilvante bukkar. Det er slike problemdyr det er viktig å plukke ut etterkvart vha. kontrollert og god jaktstrategi. Vi samarbeider med både naboar og Statskog angående desse stadige utfordringane. Såpene har ein begrensa og kortvarig verknad mot beitande dyr, men vi ser sjeldan beiteskader av betydning i Arboretet.

Ein god del spor og mange observasjonar av rådyra fortel om ein relativt stor dyretettleik, og viser at fleire dyr burde vore lagt ned i området rundt Arboretet.

Ei lite sky og nærgående rådyrgeit med **trillingkalvar** frekventerte området i lang tid utover sesongen. Når dei naturlege instinkta blir så pass påverka og fortrengde, gjer rekrutteringa av problemdyr seg fort gjeldande.

Uønska vegetasjon

Vi hadde dette året fordelene med å kunne engasjere sommarhjelpene over ein lengre tidsperiode enn det som har vore normalt tidlegare år. På denne måten har vi ytt den brysame vegetasjonen betydeleg meir motstand enn vi har klart tidlegare år.

Med hyppigare nedslåing og større aksjonsradius, har dette vist godt igjen ute i felten. Men det har krevd sitt av innsats med tilgjengeleg mannskap og våre 2 – 3 ryddesager.

Ved å få kunne starte tidleg på denne kuttinga, oppnår vi ein betydeleg gevinst ved at graset blir lettare å halde nede. Jo lenger utover i sesongen det lir før graset blir kutta, dess seigare blir det pga. auken i fiberinnhaldet.

Ved **tykning i skogsbestand** av furu, får vi dessverre det uheldige uslaget at lyngvekstane taper i konkurranse med det svært **brannfarlege** og høgvaksne skogsgraset **blåtopp**. Med auka lystilgang til skogbotnen, får vi den uheldige effekten at blåtoppgraset ekspanderar på bekostning av **blåbærlyngen**. For å dempe litt på tempo og omfang av denne uheldige prosessen, prøver vi å tynne slike trebestandar meir moderat og suksessivt. Ein annan negativ effekt som skjer som følge av å framskynde meir lysopne trebestandar, er større problem med framveksten av uønska **pionérvekstar**: Geiterams, bringebær, bjørnebær, bjørk, rogn og selje. Desse artane oppnår på denne måten betre vekstvilkår og kan raskt etablere eit betydeleg fotfeste over store areal.

Vi har brukt ein god del tid på å fjerne slike **bringebær-, bjørnebær- og lauvkratt** utover hausten og vinteren. Sjølv om desse vil spire opp att, reknar vi med ein grei gevinst ved at det blir mindre slitasje på sagutstyret med å halde desse plantene nede i ettertid.

Særskilt **plagsame kulturugras** som åkersnelle, åkertistel, strandvindel, stornesle, skvallerkål, strandrøyr og hestehov prøver vi å dempe spreinga av. Andre brysame artar som det kan vere vanskeleg å handtere er lyssiv, knappsiv, hundekjeks, hundegras, myrtistel, vegtistel, høymole, løvetann, dylle, svineblom, kveke, landøyda, groblad og mjølke.

Innimellom anna **vedlikehaldsarbeid** kan det vere god investering å bruke litt tid på å fjerne slike planter, før dei får etablere ein altfor stor lokal og livskraftig bestand. Likevel må vi nok til ein viss grad læra oss å leva med fleire av desse, ettersom slike finst spreidde utover store delar av Arboretet.

Ved gjentakande nedkutting med ryddesag, kan vi ganske effektivt tyne fleire av desse artane. Trass i godt maskinelt utstyr, vil det alltid vere eit stort behov for supplerande **lukearbeid** i tronge og plantetette felter gjennom sommarsesongen.

Sumpplanten skunkkala (*Lysichiton americanus*), som blir lagt godt merke til med sine karakteristiske gule hylseblad tidleg på våren, må vi passe litt ekstra på. Den ser ut til å kunne ha potensiale til å fortrenge den naturlege vegetasjonen langs grøfter og bekkeløp. Vi er nøye med å fjerne alle frøstandane på desse plantene, og har prøvd å bekjempe frøplanter vha. bladsprøyting med glyfosat utan å oppnå god effekt. Til neste sesong vil vi prøve alternative bekjempingsmetodar.

Dammar, vegar og plenar

Dette året har vi også brukt ein del tid på **oppreinsking av vassplanter** i dei fleste av dammane, dvs. både i Fiskedammen, Madammen, Øvre og Nedre dam. Dette er arbeid som krev både spesialutstyr, inkl. traktor med lesseapparat og tilhengar. Vadebukse, hevdehake og store plastdunkar er blant standardutstyret vi er avhengige av.

Utpå sommaren starta vi arbeidet med oppreinskinga av den sterkt tilgrodde **Nedre dam**. Her var størstedelen av overflata tildekkta med vassplanter. Så vidt vi kan minnst er denne ikkje blitt nemneverdig luka i tidlegare. Her var det særleg myrkongle og sjøgull som hadde etablert seg sterkt og dominerte miljøet. Denne dammen er så pass djup at vi valde å satsa på lange spesialtilpassa bambusstenger m. krok, kombinert med påskøyta plastriver og «nettingdregg» som blei kasta ut frå land. Med list og med lempe kunne vi hale inn mengder med buntar av langstilka vassplanter.

Seinare på sesongen, blei det reinska i **Fiskedammen**, inklusive smådammen ved Solstien. Siste gongen dette arbeidet blei gjort i denne dammen var i 2008. Likevel var dammen alle-reie blitt rimeleg overgrodd igjen, og var meir enn klar for ein ny runde. Her var det særleg vassgro som dominerte damfloraen.

Madammen blei på same vis reinska sist i 2008, men var også heilt overgrodd. Låg vannstand i sommarsesongen pga. lekkasje, har bidrege til ein raskare tilgroing her. Dominerande planter her var vassgro og mannasøtgras, i tillegg til ein livskraftig bestand av brudelys som måtte tynnast i.

I tillegg til bruk av pram, måtte vi reinske opp innløpet med gravemaskin i **Øvre dam**. Mange år er gått sidan det blei gjort oppreinskingsarbeid her, så arbeidet blei ganske omfattande. Her var det særleg behov for å tynne kraftig i den høgvakne arten brei dunkjevle. Denne breier seg kraftig utover, og etablerer seg raskt som ein storvaksen og dominerande art.

I løpet av året har det blitt etablert fleire nye flislagde **småstiar** rundt omkring i anlegget, både i området ved Fiskedammen, Øvre dam-Baksmett, Rhododendrondalen, Gløersens Minne og ved Svingen. Det har resultert i eit utvida stinett dette året på totalt 482 m.

I den nedre, sørvestre delen av Arboretet, er det i tillegg over 600 m småstiar som besøkande

har tråkka opp, men som ikkje er blitt flislagde. Desse småstiane buktar seg gjennom områder med ganske tett granskog som er lite i bruk.

Utfordringane er mange når det gjeld å halde alle **vegane og stiane** rimeleg intakte gjennom året. For å sikre oss mot flaumskader og bortrenning, er vi heilt avhengige av at grøfter, stikkerenner og røyr fungerer til eikvar tid.

Store nedbørsmengder, rask snøsmelting på frosen mark og isproppar i røyra kan skape store problem. Opphoping av lauv og kvistar i grøfter og røyropningar fører i periodar med seg mykje vedlikehalds- og oppreinskingsarbeid. Dette året slapp vi rimeleg greit unna dei store smellane, men her er **mange røyr og lange grøfter** som jamnleg må sjekkast opp.

Etterkvart har vi merka oss nokre særleg utsette plassar, t.d. innsnevringar og røyrintak som krev ekstra påpasseleg tilsyn. Slike svake punkt finn vi t.d. ved Solstien, Tjørnveien, Utsikten, Hemlokkdalen, Via Bella, Myklabustveien og Vanngangen.

Rundt omkring i heile Arboretet er lange strekk av vegar og stiar til dels sterkt tilgrodde, særleg langsmed kantane. Vi har langt igjen til å få gjort stiane i betre stand med omsyn til fundamentering, profil og inngroande kantvegetasjon.

I september måtte vi bruke gravemaskinen til å reinske opp mykje oppsamla grus i øvre del av grøfta langs Vanngangen.

Fleire av vintermånadane bydde på sine utfordringar med arbeidet for å sikre frie løp til overflatevatnet til grøfter og drengkummar.

Mange av våre besøkande finn dei store **plenflatene** i Arboretet både tiltalande og innbydande til resting og fysisk utfolding. Plenane her er ingen golfbanar, men dei krev likevel sitt av vedlikehald gjennom sesongen for å framstå som brukarvenlege. Det krevst fleire dagars arbeid i veka på plenklipparen, gjennom sesongen, for å rekke over alle plenflatene.

Plenane skaper ei oppleving av variasjon i landskapsrommet, og er viktige element i miljøet for estetiske opplevingar og rekreasjon.

Før sesongen startar må alle plenflatene rakast og renskast for småstein, kvistar og kongler.

Dette er viktig for å redusera slitasjen på plenklipparen. Mykje finpreparering gjenstår for betre å kunne skåna mann og maskineri under arbeidet ute i anlegget. Ein god del større stein dukkar opp i overflata etterkvart som tida går, og slike må fjernast når dei blir liggjande for høgt.

Rydding og hogst

Stadig nye områder inngår i ryddingsporteføljen vår. Rydding av lauvkratt og høgare vegetasjon i etablerte plantefelt, krev mykje av tida vår gjennom sesongen. I tillegg kjem innslaget av hogst og rydding i samband med klargjering og etablering av nye felt.

I bratt og kupert terreng er det **tidkrevjande** og hardt arbeid når det meste av småstokkane, kvist og greiner må dragast fram manuelt.

Ved at vi har fått engasjert ekstra mannskap dette året, har vi vore i stand til å nå over store areal med rydding av **lauvkratt**. Den mest omfattande ryddinga har blitt utført langs Vassvikveien, ved Svingen og Norske treslag, ved Skittjørn og Sigurd Aarsland-stien, ved Lerkestien, langs Via Bella, langs øvre del av Langganga, ved Tyttebærhaugen, Baksmett, ved Heggstien/Mårstien, ved Fossedammen, langs Myklabustveien, langs vestre del av Rundganga og ved Tverrganga.

Med tanke på langvarig effekt med bekjemping av smått krattoppslag, kan det i ein del tilfelle vere mest rasjonelt å luke dette bort manuelt. Spesielt der plantene er små og står tett, har vi god erfaring med slik praksis.

I det **nye området** vårt på **Myklabust**, blei det lagt ned nokre veker med mykje innsats for å få reinska opp og gjort betre klart til framtidig planting. Her låg det att til dels store mengder greinmateriale frå storhogsten året før, og som blei køyrt gjennom fliskuttaren. For å sikre ein betre framkomst i dette området, blei trestubbane kappa lågare ned og fjerna.

Langs ein stor del av **grensetraséen** vår som vender mot aust, blei det hogd og rydda store mengder lauvtre, mest bjørk, rogn og selje. Når eit så langt strekk med tett vegetasjonsbelte blei rydda, frå Myklabustveien og ned til Lønneåsen, var resultatet lett synleg. På denne måten fekk vi opna opp og letta skuggefaktoren mot kulturbeitet til naboen vår, Rudin Aarre Myklebust. Vi oppnår også bonusen med eit langt betre utsyn mot det vakre kulturlandskapet som omkransar Arboretet.

Det er blitt hogd ein del tre og tynna spesielt langs **fleire vegtraséar**, som Via Bella, nedre del av Myklabustveien og langs Fjellveien og Bergstien. I tillegg har det blitt hogd ein del tre ved Svingen-området, ved Vassvikveien og langs grensa mot naboeane Paul og Harald Kyllingstad.

I det opne feltet etter tidlegare stormfall i **gamleskogen Glørsens Minne**, har det i åra etterpå etablert seg ein **tett bestand** av bjørk og rogn. Her i området blei det kappa ned store mengder ungtre, og spart igjen eit mindre antal tre med god avstand. Etter at denne intense og arbeidskrevjande hogsten blei gjort, framsto dette området langt meir turvenleg og estetisk tiltalende.

Seinare utpå hausten blei det også hogd ei gruppe delvis halvmorkne furutre i skogen ovanfor austre del av Uglestien.

All denne hogsten og tynninga, har følgjeleg medført mange og lange økter med **fliskutting**.

Vi har stor nytte av **tømmervogna** vår, og kapasiteten ved framdraging, opplesing og framkøyring av tømmerstokkar er langt større enn før. Denne kranvogna kan handtera grovt og tungt tømmer, og er dessutan til god hjelp under framkøyringa av store juletre. I tillegg er den til stor avlastning for oss under sjølvve vedproduksjonen, og sparer oss for slitasje på både rygg og armar.

Under arbeidet med framdraging av tyngre tømmerstokkar, har vi hatt stor nytte av vinsj som vi har lånt av Morten Oseland.

Arbeid i plantingane og langs vegane med diverse **oppstamming** og tilbakeskjæring vil variere i mengde og omfang frå år til år. Somme planter må handterast spesielt i det miljøet dei står i, som ved bord, plenar, stiar, nabogrenser, bygningar o.s.v.

Oppstammingsarbeid blei denne sesongen utført mest i området ved Svingen/Uglestien, ved Rhododendrodalen/Parkveien, i området rundt Baksmett, langs Via Bella, langs nabogrensene og i det nye området vårt på Myklabust.

Vidare er det tynna og skore i enkelttre m.a. langs Harestubben, langs Alléen, langs Eikestien, langs Poppelstien, i Parken, i Bøkefeltet og i Rhododendrodalen.

Flis og ved

Hogst- og ryddearbeidet tilfører oss råstoff i form av ved og flis. Sjølvve vedproduksjon er tidkrevjande og kan virke lite innbringande i høve til tidsbruken. For oss handler det om å utnytte og omsette eit «biprodukt» av aktiviteten vår. Veden er eit direkte resultat av eit stadig pågåande hogst- og ryddearbeid ved utvikling og utbygging av Arboretet. Men vi har vore bevisst på å gjere dette på ein praktisk og rasjonell måte, utifrå dei ressursane vi rår over.

Det blir også mengder av flis etter all ryddinga og hogsten. Då er det godt at vi kan gjere oss nytte av denne naturlege ressursen på fleire måtar. Som fersk kan flisa brukast som eit topplag

på stiane. Gammal flis kan gjere nytte for seg som jorddekke rundt plantene. Det hjelper oss i ugraskampen, i tillegg til å dempe uttørkinga i nyplantingar.

Flisa virkar dessutan isolerande, men ulempa er at når téla først har sett seg, så tinar jorda seinare under flislaget utover våren.

Brannfare

Kvar vår plukkar vi opp etterlatne eingongsgrillar rundt om i Arboretet. Dette uroar oss sterkt, og viser kor viktig det er å minna folk om brannfaren. Mange gløymer at røyking også representerer ein fare, og at dette også er omfatta av forbodet mot «bruk av open eld».

Vi er heldige som har eit kombinert brannsløkkings- og vatningsanlegg. Heile **røyrledningsnett**et er på 2,2 km, fordelt på 3 traséar og har heile 22 uttakspunkt/hydrantar. Heile dette anlegget må klargjerast kvar vår, inkl. ettersyn og reingjering ved inntaket i Pumpehuset. Røyrledningane må tømast utpå hausten før frosten gjer seg gjeldande. Trass i at vinteren sette tidleg inn dette året, kom vi den heldigvis i forkjøpet.

Dette anlegget er likevel **ingen garanti** mot at ein ny brannkatastrofe kan inntreffe, om forholda skulle ligge til rette for det.

Vi er glad for den gode kontakten som vi har med **brannvesenet og sivilforsvaret**, og at dei prioriterar å halde seg oppdaterte og kjende med området.

BYGNINGAR OG ANLEGG

Vasking av tak, og skuring av veggar, skaper og dører er å rekne som ein periodisk del av vedlikehaldet av **Aktivitetshuset**. I november starta arbeidet med å skure, vaske og grønsåpe-behandle skaper og skapdører på kjøkkenet. Dette er arbeid som krev både tid og tålmod.

Gjennom året dukka det som alltid opp **ulike vedlikehaldsoppgåver** i huset, ikkje minst på kjøkkenet. Nye såpedispensarar blei også monterte og lokket på handikaptaolettet skifta ut. Vedlikehald og reparasjon av dørlåser ser også ut til å vere faste årlege innslag i vedlikehaldsprotokollen. Hovuddøra måtte få utskifta espangolettet utpå hausten. Nye delar til kaffimaskinen måtte skaffast og spesialtilpassast.

For å sikre ein god vasskvalitet, blei det levert inn jamnlege **vassprøver** frå denne til analyse 6 gonger i løpet av året.

Rustavleiring i inntaket på vasspumpa i Aktivitetshuset, gjorde at trykket falt i rørsystemet. Dette blei raskt utbetra ved demontering og reingjering.

Streng kulde tidleg på året førte til frosne vassrøyr i Blokkhuset (Driftsavdelinga), men heldigvis utan at dette medførte dei store problema.

Den tilårskomne vaskemaskinen i Blokkhuset fekk problem på nyåret, men blei reparert på plassen. I opphaldsrommet her måtte vi også skifte ut det gamle blandebatteriet.

For å lette tilgangen til **Tømmerhytta** for rullestolbrukarar, blei det laga ei spesialtilpassa rampe som enkelt kan utplasserast ved behov. I hytta blei det hengt opp knaggar til oppheng for klede.

Gjennom hausten og vinteren må vi kvart år følgje opp med å bekjempe mus som vil ta seg inn i bygningar og garasjar.

Heilt sidan den siste store **betonggarasjen** blei bygd i 2001, har denne vore i bruk **utan taklys** og elektrisk anlegg. Dette har naturlegvis vore svært upraktisk, og vi har kun hatt tilgang til skøyteledningar og lauslamper her.

Først dette året var vi i stand til å starte opp dette prosjektet med å få ordna på dette. I løpet av dei første 3 månadane blei det arbeida mykje og lenge med å få montert eit velfungerande komplett elektrisk anlegg. Difor var tilfredsstillelsen ekstra stor då vi først **etter 9 år** kunne slå på brytarane og få **skikkeleg arbeidslys** her!
I tillegg har vi fått sikra god lystilgang på uteplassen framfor betonggarasjane vha. 3 kraftige utelamper.

Etter nye lekkasjeproblem gjennom taket på den eldste betonggarasjen, blei det spadd opp på oversida her, der problemet blei lokalisert og førebels utbetra.
I løpet av føreåret blei det også montert spesialtilpassa oppheng for ulike slag reiskaper i betonggarasjen.

Begge bommane i Grevlingveien blei påkøyrd med fullt overlegg av ubedne gjestar. Saken blei meldt, og gjerningsbilen funnen, takka vere vårt operative **overvåkingskamera**. Heldigvis fekk vi etter ei tid reparert og utbetra bommane hos produsenten, slik at desse blei så gode som nye.
På slutten av året blei det eine skiltet ved hovudinngangen påkøyrt med bil, og måtte skiftast ut. Også denne hendinga blei oppklart vha. kameraet vårt, slik at vi kunne få dekkja kostnadane på skadeverket.

Både i første del og siste del av året fekk vi mykje ekstra arbeid i form av **snømåking** og ishakkning.
I mildare periodar inn imellom skapte overflatevatnet problem i samband med garasjane og delar av parkeringsplassane. Det tok tid å få fjerna **tjukke isproppar** i kummar og røyr på parkeringsplassane for å sikre dreناسje frå overflata.

Det gamle tregjerdet langs Myklabustveien blei fjerna utpå sommaren, og køyrt på St.Hans-bålet til naboen.

Kontor og administrasjon

Vi får mange slags spørsmål som angår planter og plantekultur, men vi må naturlegvis avgrense vår involvering i dette så mykje vi kan. Samstundes er det slik at folk forventer å få hjelp når dei tek kontakt med oss, og vi gjer så godt vi kan!

For å kunne utføre arbeidet rasjonelt og smidig på kontoret, måtte vi investere i ein ny PC. Den gamle var utdatert, og blei etterkvart vanskeleg å handtere.

Plassmangelen på kontoret er påtrengande, og vi ser verkeleg fram til å få klargjort ekstra kontor plass i kjellaren i Aktivitetshuset.

Den siste ledige bokhylleplassen på det vesle kontoret vårt blei fylt opp dette året, så behovet for meir bibliotekplass er prekær.

I løpet av dette året utvida vi fagbiblioteket med 103 nye titlar, som no inneheldt totalt 1313 titlar. Bøkene har blitt katalogiserte etter kvart som dei kjem inn, og er dermed søkbare på både forfattar, tittel og emne. P.g.a. sjukemelding har vi dessverre ikkje fått følge opp det fortløpande katalogiseringsarbeidet tilstrekkeleg.

Å ha tilgang til **oppdatert faglitteratur** er ein viktig del av arboretdrifta. Under arbeidet med planlegging/utforming av nye felt og plantegrupper, formidling og undervisning er slik tilgang vesentleg. Vidare skal vi kunne skaffe oss relevant dokumentasjon og referanse ved driftinga av hagedatabasen IRIS, og kunne leggje til rette for forskings- og utviklingsarbeid.

Vi fekk også ei flott fagbok som gåve frå Knud Lunde og Barbara Bauer.

Utanom dette, abonnerar vi på gode **tidsskrift**, slik at vi kan skaffe oss oppdatert informasjon i andre sider av drifta. Det kan vere informasjon om nye produkter og teknikkar, idéar til ulike faglege problemløysingar, plantesjukdommar, ugrasbekjemping, nye planteslag eller ulike grønne referansar og som kjelder til «grøn» inspirasjon.

Den nye **breibandstilkoplinga** som var varsla i 2009, fekk vi heller ikkje dette året ei tilfredsstillande løysing på.

Kontoroppgåvene i Arboretet kan delast i to hovuddeler. For det første er det alt som til vanleg må vere på plass for å drifta heile foretaket. Alle dei «usynlege» daglege oppgåvene er ofte grunnlaget for at resten av drifta skal fungera godt. Sentralbord med administrasjon, diverse korrespondanse, koordinering, tilrettelegging, utsending og betaling av faktura er noko av dette. Tilrettelegging og oppfølging av styresaker, konterings- og budsjettoppfølging er andre viktige oppgåver, som krev både innsikt og nøyaktighet. Fortløpande registrering av parkeringsinntektene og oppfølging med økonomisk oversikt følgjer med desse kontoroppgåvene. I nært samarbeid med rekneskapsfører får ein på denne måten oppdatert informasjon til hjelp for både stab og styre. Til dei faste kontoroppgåvene høyrer også diverse oppdatering av ulike lister, m.a. av Arboretvennane.

Utleige av Hus og Hytte krev også sitt av oppfølging og dagleg ettersyn med vask og reinhald. Ein viktig innsats blir gjort med å få alle brikkene på plass slik at kundane skal få ei positiv oppleving av å leiga her. Kontroll av kjøkkenutstyr og servise er viktige oppgåver for å sikre ein god standard for leigetakarane.

Vi får mange positive tilbakemeldingar, noko som understrekar kor viktig slikt arbeid er.

Av den meir **faglege delen** av kontorarbeidet kan det nemnast løpande kontakt med vår vitenskaplege medarbeidar, Fagutvalget og andre eksterne fagkontaktar. Andre oppgåver som høyrer til i denne kategorien er oppdatering av heimesida, diverse feltregistrering med data-logging, oppdatering av plantekart, utplantingslister, koordinatarbeid, planteplanar, oppdatering av etikettlister og etikettering.

Diverse **administrativt arbeid** omfattar m.a. utarbeiding, kopiering og utsending av årsmeldinga, korrespondanse, arkivering, vekeplanar, timelister o.s.v.

Fortløpande planleggingsarbeid av ulikt slag må til både for den daglege drifta, men også for meir langsiktige prosjekt og oppgåver.

I samband med Lindeprosjektet har det også gått med tid på bidrag til sluttrapporten, som blei sendt til Genressurssenteret.

Maskinar og utstyr

Traktorar, maskinar, motoriserte reiskap og anna utstyr krev sin del av fortløpande ettersyn, vedlikehald og reparasjonar.

Når graset gror, og vegetasjonen er i rask tilvekst, er vi avhengige av eit utstyr som heile tida fungerer som det skal. Driftsstans skaper fort problem og belastande ekstraarbeid, med forstyrrende omlegging som dominoeffekt.

Vår **Toyota pick-up** 1992-modell får også merke tyngda av alderen. Ein del trengande reparasjonar og vedlikehald er utført i løpet av året. I tillegg blei begge framskjermene skifta ut, men den bakre del av karosseriet er etterkvart blitt tydeleg redusert. Det er også utført eigne småreparasjonar på bilen.

Etterkvart kan vi risikere at utgiftene blir uforsvarleg store for å kunne halde denne i drift i godkjent stand.

Bilen er svært **viktig for oss**, både som internt transportmiddel, men ikkje minst i samband med alle ærendsrundane som må til for å kunne oppretthalde drifta og gangen i arbeidet. Vi har eit sterkt ynskje om å kunne få tak i ein fint brukt tilsvarande bil!

Biltilhengaren måtte også innom verkstaden for skifte av forringar til opphenget. Ein skadd bakkarm til den eine traktortilhengaren blei reparert på plassen. Ei kilereim blei skifta på vedmaskinen, og den gamle vedkløyvaren fekk bytta ut ein hydraulisk slange.

Den eldste av traktorane våre, Massey Ferguson **1972-mod.**, eignar seg best for lettare stasjonært arbeid. Vi håper på med tida å kunne **skaffe oss** ein mindre og enkelt utstyrt **traktor**, og som delvis kunne erstatta den gamle slitaren! Dette ville heve vår evne til ekstra kapasitet i typiske maskinintensive periodar, der fleire i staben har behov for slikt utstyr på same tid.

Den 24 år gamle Kubota-traktoren, som tidlegare fungerte som plenklyppar, gjer jobben som eit godt og fleksibelt transportmiddel. Med tilhengaren som kan koplast til, er denne god å ha under diverse rydde- og oppreinskingsarbeid ute i felten.

Drivreima til klyppeaggregatet på **plenklypparen** rauk tidleg i sesongen. Seinare blei spennfjóra til denne reima skifta ut. Plenklypparen blei levert inn til ekstern verkstad for service og vinteropplag utpå hausten.

Med så mange driftstimar som **fliskuttaren** har i bagasjen, måtte vi rekne med at reparasjonar og større vedlikehald ville kome. I slutten av mai svikta hovedlageret på maskinen, som raskt blei skifta av eige personell. I tillegg måtte vi få sveisereparert ein del av overføringsakslingen på maskinen.

Det betyr mykje for den daglege drifta at vi har folk i staben som kan utføre ein god del slikt forefallande reparasjons- og utbetningsarbeid.

I sommarhalvåret går **ryddesagene** jamt og trutt varme på grasrydding, og gjennom vinteren er det **motorsagene** som får slite. Vi er alltid spente på kva sesongen fører med seg for sagene, spesielt ryddesagene. Dei er godt brukte, og får merke hardkjøret i sommarvarmen. Sjølv små bagatellar kan gjere store utslag, så her må alle småproblem raskt kunne fangast opp og reparerast raskt.

Sjølv om vi etter måten har ein bra utstyrt maskinpark, er det i visse periodar ei stor utfordring å få gjort aktuelt arbeid pga. mangel på traktorar og andre hjelpemiddel. På den måten kan viktige gjeremål bli hengande etter i løypa, og skape tyngande meirarbeid seinare. Spesielt er dette merkbar utover våren og tidleg på sommaren i samband med diverse klargjerings- og prepareringsarbeid i grøntanlegget.

Mange av desse aktivitetane og oppgåvene som er nemnde ovanfor, medfører naturlegvis mange **ærendsrundar** til fjern og nær. I tillegg kjem alle dei meir og mindre faste oppdraga for kvar veke. I sum går det med mykje tid til slike ulike gjeremål gjennom året.

Til suppleringsparken, blei det kjøpt inn ny teleskopisk stongsag, foldesager, slitedelar til rydde- og motorsagene og bord til listesag. Alt arbeidet med den krevjande oppryddinga av snøbrekte greiner, har medført ekstrabehov for utstyr. Vi fekk raskt merke gevinsten av å investere i ei éinhands motorsag, som gjorde arbeidet oppe i trea langt enklare og sikrere.

FORSKJELLIG

I løpet av ein sesong dukkar det alltid opp ein del uventa oppdrag og gjeremål.

Utpå sommaren måtte vi nedkjempe fleire store vepsebol, der hissige og nærgåande veps var til stor sjenanse for besøkande.

I samband med julegrautsalget dei to siste søndagane før jul, måtte det også dette året ryddast og gjerast klart i kjellaren i Aktivitetshuset. Lyssoklane som står langs Grevlingveien inn mot Aktivitetshuset har erstatta dei fleste av parafinfaclane frå tidlegare. Dette sparar oss for ekstra arbeid i ei elles travel førjulstid. P.g.a. den tidlege frosten, fekk vi ikkje sett på plass nissane innover langs Grevlingveien dette året.

Juletresalet held fram som før, i samarbeid med vår nabo Paul Kyllingstad. Han leiger området ved Driftsavdelinga til denne aktiviteten. Her foregår også sal av julegraut dei siste laurdagane før jul. **Lions Club** tilbyr julegraut i kafeteriaen på søndagane som før.

Trass i den såpass strenge kulda som vi opplevde, gjekk salet dette året likevel bra.

Vi held fram med utkøyringssalet av juletre som tidlegare år. Hogging og framdraging av større tre kan vere krevande nok. Stadig fleire av kundane våre ber om hjelp til montering av trea, i tillegg til at vi har spesiallaga juletrereføter etter behov.

Greie avtalar med 2 lokale bønder, **Johannes Aardal** og **Gaute Retland Auklend**, har gjort at vi har klart å levera nok ferske tre til kundane ved utkøyringssalet. Hos førstnemnde blir dette juletrerefeltet avvikla og omdisponert. Men vi håper å kunne oppretthalde leveringskapasiteten rimeleg greit vidare dei næraste åra.

Personell frå Mattilsynet og **Bioforsk** var innom på hausten og tok nokre rutinemessige bladprøver i Rhododendronandalen. Hensikten var å kartleggje omfanget av skadegjeraren *Phytophthora ramorum*. Mot slutten av året fekk vi melding tilbake om eit par påviste funn. Desse mindre buskane blei raskt fjerna og leverte som spesialavfall til brenning, med påfølgjande desinfisering av reiskap og tilhengar.

Det kan vera vanskeleg å få ein fullgod oversikt over denne trusselen, og skadegjeraren har blitt påvist i plantingane her ved fleire enkeltfunn dei siste åra.

Det vi veit er at denne sjukdommen m.a. har ført til at dei i Vest-England har felt 2 millionar infiserte lerketre!

Vi er glade for at ulike slag av **foreningar og lag** nyttar arboretområdet til ulike arrangement.

